



KVINNHERAD
K O M M U N E

Politisk og administrativt sekretariat

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«UTLANDSADRESSE»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Mette Cecilie Sandvik	91806855	2019/625-13	«REF»	15.06.2020

Særutskrift - Kommunedelplan for samferdsle 2020-2028 - Kvinnherad kommune

Plan-, teknikk- og miljøutvalet hadde i møte 09.06.20 saka føre som sak 2020/14.
Vedlagt følger utskrift av møtebok der vi syner til vedtaket.

Med helsing

Mette Cecilie Sandvik
Utvallssekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Mottakrar:

Hildegunn Furdal

AKASIA VALEN BARNEHAGE

BAUGSTRANDA BYGDALAG

Brannvesenet i Kvinnherad

BRINGEDALSBYGDA BARNEHAGE

BRINGEDALSBYGDA SKULE

DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD

DØNHAUG GARDSBARNEHAGE

Eldrerådet

ESPIRA HALSNØY KLOSTER BARNEHAGE

FAU BRINGEDALSBYGDA

FAU HALSNØY SKULE

FAU UNДАРHEIM SKULE

FAU ØYATUN SKULE

FISKARLAGET VEST

FISKERIDIREKTORATET

FJELBERG BYGDALAG

Folkehelsekoordinator

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND

FYLKESMANNEN I VESTLAND

HALSNØY SKULE

Halsnøy utvikling

HATLESTRAND BYGDELAG

Hatlestrand FAU

HAUGE BARNEHAGE

HERØYSUND BYGDALAG

HORDALAND BONDELAG

Husnes FAU

HUSNES UNGDOMSSKULE

HUSNES VEKST

HØYLANDSBYGD BYGDALAG

Kommuneoverlege

KVINNHERAD BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Kvinnherad lensmannskontor

KVINNHERAD NÆRINGSSERVICE

KVINNHERAD TURLAG

KYSTVERKET

LYNGSTRANDLAGET

Mottakrar:

Læringsverkstedet Handeland

LØFALLSTRAND BYGDALAG

Malmanger FAU

MALMANGER SKULE

MATRE BYGDALAG

MAURANGER BARNEHAGE

Mauranger FAU

MAURANGER SKULE

MYRANE BARNEHAGE

NATURVERNFORBUNDET HORDALAND

NORDSIDO OPPVEKSTOMRÅDE HATLESTRAND BARNEHAGE

NORDSIDO OPPVEKSTOMRÅDE HATLESTRAND SKULE

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION VEST

OMVIKDALEN BARNEHAGE

OMVIKDALEN BONDELAG

OMVIKDALEN BYGDEKVINNELAG

Omvikdalen FAU

OMVIKDALEN SKULE

ROSENDAL BYGDELAG

Rosendal FAU

ROSENDAL FUS BARNEHAGE AS

ROSENDAL UNGDOMSSKULE

RØEN OG SJØVANGEN VELFORENING

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

SANDVOLL VEL

SEIMSFOSSE GRENDALAG

Sektor for samfunnsutvikling

Sektor helse, omsorg og sosial

Sektor oppvekst

Sektor teknikk og miljø

Skarveland FAU

SKARVELAND SKULE

STATENS VEGVESEN

SUNDE BARNEHAGE

Sunde FAU

SUNDE GRENDALAG

SUNDE SKULE

TRYGG TRAFIKK VESTLAND AVD 1 HORDALAND

UNDARHEIM BARNEHAGE

Mottakarar:

UNDARHEIM SKULE

Ungdomsrådet

USKEDALEN BARNEHAGE

Uskedalen FAU

USKEDALEN SKULE

USKEDALEN UTVIKLING

UTÅKER BYGDALAG

Valen FAU

VALEN SKULE

VARALDSØY BYGDALAG

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

VESTLAND FYLKESKOMMUNE SKYSS KRINGOM

ÆNES OG MAURANGER BYGDALAG

ØLVE BYGDALAG

Ølve Montessorri FAU

ØLVE MONTESSORISKULE SA

ØYATUN SKULE

ÅKRA BARNEHAGE

ÅKRA BYGDALAG

Åkra FAU

ÅKRA SKULE

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

Saksbehandlar

2019/625-11

Hildegunn Furdal

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2020/14	Plan-, teknikk- og miljøutval	09.06.2020

Høyring av planprogram- Kommunedelplan for samferdsle 2020-2028 - Kvinnherad kommune

Innstilling frå kommunedirektøren:

1. Plan-, teknikk- og miljøutvalet vedtek at framlegg til planprogram for kommunedelplan for samferdsle vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn, jamfør plan- og bygningslova § 5-2.
2. Frist for merknadar og innspel vert sett til 9 veker frå kunngjeringsdato, 18.08.2020
3. Samstundes med utlegging av forslag til planprogram, vert det varsla om oppstart av planarbeidet, jamfør plan- og bygningslova § 4-1. Oppstart av trafikksikringsplanen er allereie varsla, jamfør brev 12.03.2020.

Behandling i Plan-, teknikk- og miljøutval den 09.06.2020

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Plan-, teknikk- og miljøutval den 09.06.2020


4. *Plan-, teknikk- og miljøutvalet vedtek at framlegg til planprogram for kommunedelplan for samferdsle vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn, jamfør plan- og bygningslova § 5-2.*
5. *Frist for merknadar og innspel vert sett til 9 veker frå kunngjeringsdato, 18.08.2020*
6. *Samstundes med utlegging av forslag til planprogram, vert det varsla om oppstart av planarbeidet, jamfør plan- og bygningslova § 4-1. Oppstart av trafikksikringsplanen er allereie varsla, jamfør brev 12.03.2020.*

Saksutgreiing:

Planstrategien for perioden 2015-2019 seier at det skal utarbeidast ein kommunedelplan for samferdsle. Med kommunedelplan for samferdsle ynskjer Kvinnherad kommune å ta fyrste steg mot ein heilskapleg samferdslepolitikk der strategiar, ressursar og planar blir samordna. Kommunedelplan for samferdsle skal vere eit overordna styringsdokument for planlegging av alle samferdsleløyisingar i kommunen.

Kommunedelplan for samferdsle vil bli delt inn i tre deler og saman danne kommunedelplanen:

1. Overordna mobilitetsstrategiar
2. Rullering av trafikksikringsplanen
3. Hovudplan for vegar i kommunen



Kvinnherad ligg slik til at kommunen soknar mot ulike regionar, og er ikkje knyta til kringliggjande kommunar eller byar med Europa- eller riksveg. Kommunen har ein spreidd busetnad der avstandar kan vere lange og våte. Korleis kan kommunen planlegge for å leggje til rette for ein flyt av menneske, varer og tenester på ein attraktiv, frisk og grøn måte? Å samle kommunen om nokre overordna mobilitetsstrategiar kan vere nøkkelen for Kvinnheradsamfunnet.

Gjeldande trafikksikringsplan vart vedteke 20.12.2012, og det er naudsynt med ei rullering for å oppdatere planen til situasjonen i dag. Kommunen har per dags dato ikkje hovudplan for vegar i kommunen. No ynskjer kommunen å leggje eit betre grunnlag for framtidig innsats og gje kommunen eit heilskapleg styringsverktøy for vegar, bruer og kaiar, både for kommunal forvaltning og for drift, men òg for private utbyggjarar.

Ved å la trafikksikringsplanen og hovudplan for veg bli ein del av kommunedelplanen for samferdsle, vil desse planane bli integrert i kommunen sitt rullerande plan- og styringssystem, og handlingsdelane vil bli del av økonomiplanen og den årlege rulleringa av denne. Slik vil kommunen få ei betre oversikt over investeringar, drift og utfordringane det komande året, og meir heilskapleg tenking kring samferdsle og trafikktryggleik.

Kommunedelplan for samferdsle skal gjelde for 8 år, dette for å halde på det langsiktige perspektivet. Handlingsdelane skal evaluerast kvart år i samband med økonomiplanen, og det er ynskjeleg at eit samandrag om kva som er gjort kjem i årsmeldinga kvart år.

Planprogrammet:

Planprogrammet er ein **plan for planarbeidet** som skal gjennomførast. Det avgjer innhald, plantema, og skisserer opplegg for medverknad, føremål og rammer. I tillegg er det fastsett fristar, framdriftsplan og organisering av planarbeidet.

Kommunedelplan for samferdsle skal utarbeidast etter plan- og bygningslova § 11-1. Då planen skal innehalda 3 ulike delar (sjå figur 1) som alle tek ulike tid å få gjennomført, vil det blir gjort ulike vedtak på vegen mot ein fullstendig kommunedelplan for samferdsle (sjå tabell 2). Trafikksikringsplanen og hovudplanen for vegar i kommunen vil bli vedteke og teke i bruk før delen som tek for seg dei overordna mobilitetsstrategiane er ferdig (og då endeleg KDP Samferdsle). Når overordna mobilitetsstrategiar skal endeleg godkjennast, vil KDP Samferdsle vere komplett.

Grunna ferieavvikling, vert fristen for å kome med merknader til planprogrammet 9 veker frå kunngjeringsdagen, nærare bestemt 18. august 2020.

Økonomisk konsekvens:

Arbeidet med kommunedelplan for samferdsle er finansiert gjennom investering (PRO – «kommunale vegar/kaiar»), samt støtte til trafikksikringsplanen frå tidlegare Hordaland fylkeskommune.

Miljømessig konsekvens:

Vil koma fram som ein sentral del av planarbeidet.

Vedlegg:

- Planprogram for kommunedelplan for samferdsle 2020-2028